Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sör-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. 36

Herad: Meldal

Emne: Helsing, fakter, åtferd

Bygdelag:

Oppskr. av: Sigurd Nilssen

Gard:

(adresse): Orkanger

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A

1-3 Å slå figūrar, ringar i graset eller reise pålar og stokkar lango veggen ved dörer eller driva noko slags gjön som nemnd i 1, 2, 3 har ingen eg har tala med höyrt gjete.

B

4-5 Eg har ikkje höyrt om (~~om~~) sers namn på folk som gjekk på vitjing jūledagen, heller ikkje om dei som ikkje fekk noko nytt plagg til jul

6 Å leggja utnamn (ökenamn) på folk har vori ein vanleg ūskikk i eldre tider og det har hange i mest opp lit denne tid.
Det hende at dei som hadde fått ūtnamn neiste kvarandre. Ein kalla dei Skarpen og ein Reven. Dei stod ilag på slåtteteigen. Best som dei stod og brynte ljåane

7961

sa Reven: „Det er for skarpt brynet ditt!" „Og dit er for reve," svara hin

Utnamna gjekk og i arv til borna. Han Taitl-Per-Johannes var sonen hans Taitl-Per. Taitl (ůmogleg å stava) er ein lůfs som er lite med- ikkje får til noko på skikkeleg vis av det han skal gjera. Trestevla var ei som hadde slite mykje vondt og frosi forderva fötene sine; ho laut brůka karsko, eller anna romstor fotbůnad. Dotra vart kalla Trestevel-Johanna og sonen Trestevel-Per.

7961

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING